

# Retningslinjer for samarbeid med privat næringsliv og ideelle organisasjonar i forskings- og innovasjonsverksemd i Helse Førde

## Målgruppe

Retningslinjene gjeld alle faste og midlertidige tilsette som handlar på vegne av helseføretaket, herunder studentar, vikarar, konsulentar og liknande.

Retningslinjene gjeld prosjekt som er forankra/ eigd av Helse Førde.

## Begrepsdefinisjonar

Privat næringsliv og ideelle organisasjonar: Bedrifter og organisasjonar med interesser knytt til Helse Førde sitt samfunnsoppdrag eller rolle som helseføretak.

Samarbeid: Forpliktande samarbeid med verksemdar om aktivitet av fagleg interesse/relevans. Slikt samarbeid skal vere avtalefesta. Uforpliktande samarbeid som seminar eller kjøp av varer og tenester i tråd med lov om anskaffelsar er ikkje omfatta av denne retningslinja.

## Bakgrunn

Helse Førde har som mandat å utøve forskings- og innovasjonsaktivitet som skal bidra til ny kunnskap som gjev betre helsetenester. Det er vidare tydelege nasjonale føringar om auka samarbeid mellom offentleg og privat sektor om forskning og innovasjon som kan bidra til å løyse sentrale utfordringar i helsesektoren. Helsenæringsmeldinga (Meld. St. 18 2018-2019) påpeikar eit potensial for auka kommersialisering av medisinsk og helsefagleg forskning og idear frå helse- og omsorgssektoren. Næringsutvikling innan helse og omsorg er ein tydeleg stadfesta ambisjon i HelseOmsorg21-strategien. Styringsdokument har over fleire år peika på næringslivssamarbeid og stimulere til fleire offentlege innovative anskaffingar. Helse Førde har følgd opp desse føringane i sin [forsknings- og innovasjonsstrategi](#) med eit eige tiltaksområde for å styrke forskings- og innovasjonssamarbeidet med næringslivet og verkemiddelapparatet i regionen. Det pågår også eit nasjonalt arbeid for å styrke samarbeidet med næringslivet om forskning og innovasjon i helsesektoren. Eit viktig tiltak er NorTrials, som er eit nasjonalt partnerskap mellom spesialisthelsetenesta og næringslivet om gjennomføring av kliniske studiar i helseføretaka.

Desse retningslinjene skal tydeleggjere korleis Helse Førde generelt skal ivareta si uavhengige rolle som kunnskapsprodusent i forskings- og innovasjonssamarbeid med privat næringsliv og ideelle organisasjonar.

## Nærare om samarbeid med privat næringsliv og ideelle organisasjonar

Når Helse Førde svarar på sitt samfunnsoppdrag gjennom samarbeid med privat næringsliv og ideelle organisasjonar, skal grunnleggjande forskningsetiske prinsipp og ansvarlig innovasjon ligge til grunn. All forskning i Helse Førde skal følgje internasjonale og nasjonale forskningsetiske normer.<sup>1</sup> Både den enkelte forskar og helseføretaket har ansvar for å sikre at desse vert følgde. Eit av dei forskningsetiske prinsippa er at forskinga skal vere fri og uavhengig, både på individuelt og institusjonelt nivå. At forskning er uavhengig vil seie at den ikkje er styrt av andre interesser, til dømes politiske, økonomiske, strategiske eller organisatoriske interesser. For å

---

<sup>1</sup> [Generelle forskningsetiske retningslinjer | Forskningsetikk](#)

sikre at forskinga er uavhengig er det viktig med full openheit kring eventuelle eigarskap og bindingar med andre interessentar i eit forskingsprosjekt.

Ansvarleg innovasjon: ansvarleg innovasjon handlar om openheit, inkludering, og samarbeid. Når Helse Førde samarbeider med eksterne skal målet om betre helsetenester til beste for pasienten og samfunnet vere førande, og di opnare samarbeidet er, di større truverd og aksept får ein i samfunnet rundt oss.

### **Følgande overordna prinsipp ligg til grunn i samhandlinga vår med næringsliv og ideelle organisasjonar**

- Alle former for samarbeid skal ha fagleg relevans og mål om bidra til betre kvalitet og ei berekraftig helsetenete
- Helse Førde kan og bør samarbeide med slike aktørar der slikt samarbeid er nødvendig for å løyse samfunnsoppgdraget vårt
- Det skal vere full openheit/transparens rundt alt samarbeid med slike aktørar som Helse Førde deltek i.
- Samarbeidspartnarar skal så langt som mogleg behandlast på like og ikkje-eksklusive vilkår

### **Samarbeid i forskingsverksemd**

- Forskingsresultat skal som hovudregel gjerast tilgjengeleg for offentlegheita.<sup>2</sup>
- Samarbeid med næringsliv i forskning skal formaliserast gjennom skriftleg avtale mellom partane (vedlegg 1)
- FOU-samarbeid må gjennomførast i tråd med statsstøtteregulativet.<sup>3</sup>
- Helse Førde må ikkje avtale vilkår som innskrenkar forskar eller helseføretaket sin faglege uavhengigheit og objektivitet, for eksempel vilkår om at samarbeidet er betinga av bestemte resultat, eller vilkår som avgrensar Helse Førde si plikt og moglegheit til offentleggjering og publisering.
- Forskingsdata skal vere så opne som mogleg og så lukka som nødvendig, jamfør Nasjonal strategi for tilgjengeliggjering og deling av forskingsdata<sup>4</sup>.
- Prosjektleiari og prosjektmedarbeidarar har ansvar for å vurdere eigen habilitet og eventuelle interessekonfliktar før eit eventuelt samarbeid blir inngått. Leiariar på nivå 2 har ansvar for å sikre at eventuelle interessekonfliktar er gjort greie for før godkjenning av forskingsprosjektet. Ved behov for juridisk bistand, kontakt jurist ved RHF'et.
- Eventuelle bistillingar, styreverv eller eigarskap til den kommersielle aktøren skal varslast om i tråd med retningslinjer i HFD si personalhandbok<sup>5</sup>
- Eigarskap til eventuelle immaterielle verdiar og intellektuelle rettigheter (IPR) som følgje av forskingsresultat skal handterast i tråd med Helse Førde sine retningslinjer (vedlegg 2)

### **Samarbeid i innovasjonsverksemd**

- Samarbeid med næringsliv i innovasjonsprosjekt skal formaliserast gjennom skriftleg avtale mellom partane, herunder avklaring av fordeling av rettar til sluttprodukt, bruksrettar og evt framtidige lisensinntekter (vedlegg 3).

---

<sup>2</sup> [Nasjonale mål og retningslinjer for åpen tilgang til vitenskapelige artikler \(regjeringen.no\)](#)

<sup>3</sup> <https://www.forskningsradet.no/sok-om-finansiering/midler-fra-forskningsradet/betingelser-for-tildeling-av-statsstotte/>

<sup>4</sup> [Nasjonal strategi for tilgjengeliggjering og deling av forskningsdata \(regjeringen.no\)](#)

<sup>5</sup> [Helse Vest :: Helse Førde HF Personalhåndbok :: Retningslinjer - bierverv \(compendia.no\)](#)

- Eigarskap til eventuelle immaterielle verdiar og intellektuelle rettigheter (IPR) som følge av innovasjonsprosjektet skal avtalast særskilt. Helse Førde sine retningslinjer på området er førande (vedlegg 2)
- Sykehusinnkjøp skal kontaktast i tidleg fase av samarbeid med næringsliv for å avklare spørsmål knytt til ein evt framtidig anskaffelse. Eitkvart samarbeid må ivareta lov om offentlege anskaffingar, og statsstøttereformativet<sup>6</sup>.
- Prosjektleder og prosjektmedarbeidarar har ansvar for å vurdere eigen habilitet og eventuelle interessekonfliktar før eit eventuelt samarbeid blir inngått. Leiarar på nivå 2 har ansvar for å sikre at eventuelle interessekonfliktar er gjort greie for før godkjenning av innovasjonsprosjektet. Ved behov for juridisk bistand, kontakt jurist ved RHF'et.
- Eventuelle bistillingar, styreverv eller eigarskap til den kommersielle aktøren skal varslast om i tråd med retningslinjer i HFD si personalhandbok<sup>7</sup>

### Vedlegg:

1. [Statens standardavtale for forsknings -og utredningsoppdrag \(Forskningsavtalen\)](#)
2. Retningslinjer for IPR i Helse Førde
3. [SSA-B og SSA-B enkel \(Bistandsavtalene\) | Anskaffelser.no](#)
4. Sjekkliste for innovasjonsprosjekt

---

<sup>6</sup> <https://www.forskningsradet.no/sok-om-finansiering/midler-fra-forskningsradet/betingelser-for-tildeling-av-statsstotte/>. Støttegrad: 25% for eksperimentell utvikling, 50% industriell forskning, 100% grunnforskning